**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Driftsstyret** |
| **Møtestad:** | **Voldsfjorden, Volda rådhus** |
| **Dato:** | **01.06.2016** |
| **Tid:** | **12.00** |

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Rebecca Riise Bjerknes | Leiar | SP |
| Hild Våge | Nestleiar | AP |
| Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid | Medlem | AP |
| Alf Jakobsen | Medlem | SV |
| Mathilde Sjøhelle Eiksund | Medlem | V |
| Henning Holsvik | Medlem | KRF |
| Roald Arnold Espset | Medlem | FRP |
| Per Svein Krøvel | Medlem | H |

Faste medlemmar som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Inger Tove B. Simonnes | Medlem | KRF |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Erlend Krumsvik | Inger Tove B. Simonnes | KRF |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Vibeke Berge | Fagkonsulent skule |
| Per Ivar Kongsvik | Oppvekstsjef |
| Lene Nupen | Fagkonsulent skule |
| Bente Engeseth | Informasjonskonsulent |
| Inger-Johanne Johnsen | Sektorsjef kultur og service |
| Bente Kristin Krøvel | Møtesekretær |

Det var åtte røysteføre då møtet starta. Hild Våge møtte under handsaming av PS 30/16. Det vart då ni røysteføre i møtet.

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 27/16 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 28/16 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| OS 16/16 | **FAU Mork skule - spørsmål vedk. inneklima og plassmangel** |
| OS 17/16 | **Austefjord skule - søknader om skulebyte** |
| PS 30/16 | **Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016** |
| PS 29/16 | **Framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget** |
| PS 31/16 | **Skjenkeløyve til Austefjordhelg - laurdagsdans 11.06.-12.06.16** |
| PS 32/16 | **Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020** |
| OS 18/16 | **Protokoll Volda ungdomsråd 18.05.16** |
| PS 33/16 | **Arbeid med utarbeiding av oppvekstplan** |

Orienteringar:

OS 16/16
I starten på møtet svara eigedomssjef Kjell-Magne Rindal på spørsmål frå FAU ved Mork skule. Han orienterte om inneklima ved skulen.

Oppvekstsjef Per-Ivar Kongsvik orienterte om kapasiteten ved skulen. Om korleis gruppene er oppdelte jfr. Opplæringslova.

OS 17/16
Oppvekstsjef Per-Ivar Kongsvik orienterte om søknad frå elevar i Austefjorden som søkjer skulebyte.

## PS 27/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Handsaming:**

Orienteringsak om spørsmål vedr.inneklima og plassmangel ved Mork skule vert handsama først. Vidare orientering om søknad om skulebyte frå Austefjord.
Sak PS 30/16 vert handsama før PS 29/16.

Når det gjeld arbeid med PS 33/16, utarbeiding av oppvekstplanen, vert fokusområde 3 og 4 lagt fram til slutt i møtet.

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 01.06.2016**

***Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend med den endringa som vart foreslege.***

## PS 28/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 01.06.2016**

***Møteprotokoll frå forrige møte 11.05.2016 vart samrøystes godkjend.***

## Orienteringssaker

## OS 16/16 FAU Mork skule - spørsmål vedk. inneklima og plassmangel

OS 16/16
I starten på møtet svara eigedomssjef Kjell-Magne Rindal på spørsmål frå FAU ved Mork skule. Han orienterte om inneklima ved skulen.

Oppvekstsjef Per-Ivar Kongsvik orienterte om kapasiteten ved skulen. Om korleis gruppene er oppdelte jfr. Opplæringslova.

## OS 17/16 Austefjord skule - søknader om skulebyte

OS 17/16
Oppvekstsjef Per-Ivar Kongsvik orienterte om søknad frå elevar i Austefjorden som søkjer skulebyte.

## PS 30/16 Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016

**Handsaming:**

Rektorane på dei fleste skulane var tilstades på møtet og vart presenterte for driftsstyret.

**Administrasjonen si tilråding:**
*Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016 vert teken til vitende.*

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 01.06.2016**

***Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016 vert teken til vitende.***

## PS 29/16 Framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget

**Administrasjonen si tilråding:**

*Framlegg til tiltak for å betre resultata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.*

**Samrøysta vedtak i Driftsstyret - 01.06.2016**

***Framlegg til tiltak for å betre resultata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.***

## PS 31/16 Skjenkeløyve til Austefjordhelg - laurdagsdans 11.06.-12.06.16

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Med heimel i alkohollova § 1- 6, får Austefjordhelg (org nr 913424670) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, frå kl 22.00 til kl 02.00, i høve laurdagsdans med Steinar Engelbrektson band. Løyve gjeld den 11. juni 2016 (natt til 12. juni) på Austefjord Stadion Vollane, jamfør vedlagt kartteikning.*
2. *Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Janita Førde, f. 22.08.91.*
3. *Stedfortredar for skjenkeløyvet vert sett til: Linn Kristin Leite, f. 27.01.93.*
4. *Det vert stilt vilkår jf. alkohollova § 4-3 om 18-års.*
5. *Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om å ha dialog med politiet for gjennomføringsplan.*
6. *Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2016/818.*

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 01.06.2016**

1. ***Med heimel i alkohollova § 1- 6, får Austefjordhelg (org nr 913424670) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, frå kl 22.00 til kl 02.00, i høve laurdagsdans med Steinar Engelbrektson band. Løyve gjeld den 11. juni 2016 (natt til 12. juni) på Austefjord Stadion Vollane, jamfør vedlagt kartteikning.***
2. ***Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Janita Førde, f. 22.08.91.***
3. ***Stedfortredar for skjenkeløyvet vert sett til: Linn Kristin Leite, f. 27.01.93.***
4. ***Det vert stilt vilkår jf. alkohollova § 4-3 om 18-års.***
5. ***Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om å ha dialog med politiet for gjennomføringsplan.***
6. ***Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2016/818.***

## PS 32/16 Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020

**Administrasjonen si tilråding:**
*Kommunestyret vedtek "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", slik den ligg føre som vedlegg 1.*

*Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:*

1. *Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016*
2. *Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.*
3. *Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan vert vedtatt.*

**Handsaming:**

Skriv av 27.05.16 frå Erling Ulvestad til driftsstyret v/Rebecca Bjerknes vart delt ut.
Det er eit innspel til alkoholpolitisk handlingsplan for Volda.

Driftsstyret samla seg om fylgjande innspel til planen:
**Fellesframlegg frå driftstyret til sak 32/16 Alkoholpolitisk handlingsplan**

**4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve**

Normal skjenketid:

- varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.

- varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.

• Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.

• Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).

*• Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.*

*• For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.*

*• Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal. Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.*

***Stryk kulepunkt 5***

• Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.

***Stryk kulepunkt** 7*

• Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal. Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.

***Endringsframlegg til kulepunkt 5***

***For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.***

**5. Allminneleg skjenkeløyve ved einskildhøve**

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar. Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

• Arrangement som er retta imot barn og unge

• Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.

• Campingsplassar

• Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.

*• Løyve når det er arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.*

• Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept

**Stryk nest siste kulepunkt:**

***• Løyve når det er arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.***

**Røysting**:
Driftsstyret vedtok samrøystes endringane til alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016 - 2020

**Tilråding i Driftsstyret - 01.06.2016 til kommunestyret**

***Kommunestyret vedtek "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", slik den ligg føre som vedlegg 1.***

***Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:***

1. ***Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016***
2. ***Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.***
3. ***Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan vert vedtatt.***

**<u>Tilråding til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan.</u>**

**4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve**

Normal skjenketid:

***• varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.***

***• varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.***

***• Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.***

***• Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).***

***For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.***

**5. Allminneleg skjenkeløyve ved einskildhøve**

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar.

***Konsept det ikkje vert gitt løyve til:***

- ***Arrangement som er retta imot barn og unge***
- ***Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.***
- ***Campingplassar***
- ***Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.***
- ***Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept***

**Orienteringssak**

## OS 18/16 Protokoll Volda ungdomsråd 18.05.16

**Handsaming:**

Ungdomsrådet handsama ei sak om skuleskyss for vidaregåande skular i Volda og Ørsta.

Erlend Krumsvik foreslo at driftsstyret tek dette vidare og at dette kjem som sak til møtet 17.08.16. Rådmannen vert oppmoda om å legge fram sak til driftsstyret.

**Røysting:**
Samrøystes vedteke frå driftsstyret.

## PS 33/16 Arbeid med utarbeiding av oppvekstplan

**Handsaming:**
I arbeidet med utarbeiding av oppvekstplanen har driftsstyret i møte 13.04 lagt fram sine innspel til fire av fokusområda.
I dette møtet vart fokusområde 3: Førebygging, og fokusområde 4: Kvalitetsstyring, lagt fram.
Mathilde Eiksund og Rebecca R. Bjerknes la fram sine innspel til fokusområde 3.
Per Svein Krøvel og Uthman Abu Harbid la fram sine innspel til fokusområde 4.

Oppvekstsektoren tek innspela med vidare i arbeidet med planen.
Planen vert seinare lagt fram for driftsstyret.

Møtet slutt kl. 16.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
2. juni 2016

Bente Kristin Krøvel
Førstesekretær